

Vår ref.:  
22/00166-1

Dato:  
01.02.22

## IDF møte 1/22 (31.01.2022)

Dato og møtets varighet: 31.01.2022 – kl. 12.30 – 14.50 på Zoom

### Tilstades (heile eller deler av møtet)

#### Arbeidsgjever

Gunnar Yttri	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Anette Undheim	HR seniorrådgjever
Bente Karin Eikeland	Leiar av velferdsutvalet
Linn Melby Meyer	HR rådgjever /referent

#### Arbeidstakar:

Gjert Anders Askevold	Forsker forbundet (FF)
Tone Skjerdal	Norsk Tjenestemannslag (NTL)
Pål-Albert Olsen	Akademikerne
Astrid Hove	Utdanningsforbundet (UDF)
Torill Irene Fjørtoft	Norsk Sykepleierforbund (NSF)
Eva Leirbæk	Parat

  

Karin Bell	Hovudverneombod
------------	-----------------

#### FASTE PUNKT

##### 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

FF viser til at det er ønskjeleg å få innkalling og komplett sakliste tidlegare.

##### INFORMASJONS- /DRØFTINGSSAKER

##### 02/22 Saker til styremøte

##### Styresaker:

##### **2/22 – Forlenging av mellombels forskrift til forskrift om studium og eksamen ved HVL**

Rektor orienterte kort.

FF viser til at endring av eksamen kort tid før eksamensdato skaper ekstraarbeid for vitskapeleg tilsette og viser til at dette ekstraarbeidet må kompenserast. Når eksamensform skal leggast om, får dette konsekvensar for kurset som skal planleggast, slik at studentane skal få eit godt læringsutbytte.

##### **3/22 – Forlenga sensurfrist – Å-MU201 Årsstudium i musikk 1 emne 2**

Rektor orienterte kort. Ingen innspel.

##### **4/22 - Oppnemning av representantar til Sentralt ph.d. – utvalt 2022**

Rektor orienterte kort.

FF stiller spørsmål om korleis ein vel ut representantar til det sentrale utvalt og om det vert kompensert med timar på arbeidsplan eller anna kompensasjon. Arbeidsgjevar viser til at fagleg tilsette vert kompensert for deltaking i utvalet etter høgskulens særavtale for kompensasjon for deltaking i interne råd og utval. Sentralt PHD utval vert kompensert på nivå 2 med 10 000 kr per år.

## **5/22 - Mandat for arbeidet med strategi utvikling**

Rektor orienterer kort.

NTL viser til at det er ein god sak når ein legg vekt på å forenkle arbeidet og legge parallelle løp med strategien og utviklingsavtalen. NTL set pris på at TV er lagt inn i gruppa. Men stiller spørsmål om ordlyden/formuleringsa under punktet interessentar: «Tillitsvalde: Kvalitetssikre prosess og resultat. Involverast i samsvar med gjeldande avtalar og rutinar». Organisasjonane viser til at dette er eit felles ansvar der arbeidsgjevar også må ta på seg sitt ansvar.

Rektor ser problemstillinga og viser til at det er viktig med god medverknad på prosess og resultat og at arbeidsgjevar sjølv sagt skal ha hovudansvar for dette.

HVO stiller spørsmål om det er vurdert om vernetenesta skal bidrage inn i dette arbeidet. Rektor viser til at det ikkje er tenkt at vernetenesta er ein del av arbeidsgruppa, men at dei vil bli konsultert undervegs. Rektor viser til at det er eit omfattande arbeid og at alle må ha eit vakkent blikk.

FF stiller spørsmål om representasjon. I mandatet er det vist til at det skal vere 4 prosjektdeltakrar frå fakulteta der minst to av desse skal vere vitskapelege. Det er ønskjeleg at vitskapeleg tilsette har større påverknad i prosessen. FF stiller også spørsmål om korleis ein vel representantar, og peike r på at denne prosessen må vere transparent og demokratisk.

Rektor viser til at mandatet og prosjektskissa er lagt fram til drøfting og viser til at det er rom til å gjere endringar/justeringar undervegs. Arbeidsgruppa skal spegle organisasjonen og representera dei tilsette på ein god måte. Representasjon frå fakultet og fellesadministrasjon vil bli diskutert i toppliinga for å finne dei gode metodane å plukke ut dei rette medarbeidarane.

## **6/22 – Habilitetsreglement**

Rektor orienterte kort.

Organisasjonane er positive til at reglementet kjem på plass og at det blir belyst. Men det som er viktig er å få det godt kjent i organisasjonen og for dei som sit i råd og utval i HVL. Alle må vere godt kjend med reglementet og alle må forhalda seg til reglementet. Det må komme som eigen sak på vestbylen og kunne gi opplæring og ha diskusjonar i aktuelle råd og utval.

På spørsmål frå HVO om den skjønnsmessige habiliteten som tek for seg forhold som ikkje er beskrive i reglementet, svarar organisasjonsdirektøren at det er vanskeleg å vere uttømmande i eit slik reglement.

Reglementet slik det er utarbeidd er ikkje for å avgrense gode vennskap, men å bevisstgjere tilsette og leiarar, og skape ein praksis og kultur for arbeidet kring habilitet i høgskulen.

## **7/22 – Årsrapport 2021 (Kap. I – Styrets fråsegn) – Høgskulen på Veslandet**

Rektor orienterer kort.

FF kom med innspeil til dei viktigaste prioriteringane for 2022; utarbeide kulepunkt knytt til kompetanse og utvikling av kompetanse sjølv, ikkje berre for vitskapeleg tilsette men også TAP stillingar.

## **O-1/22 – Tildelingsbrev 2022 – HVL**

Rektor orienterer kort.

Organisasjonane er opptekne av kva konsekvensar eitt auka opptak på sjukepleie har for andre studieplassar i høgskulen. Her vert det peika på tilgangen til praksisplassar på Vestlandet, behov for å rekruttere fleire tilsette for å undervise, samstundes som midlertidigheita må ned og kompetansen må aukast. Rektor viser til at sektoren generelt er oppteken av dette og har løfta det som problemstilling til departementet, men viser til at det er viktig at veksten i studieplassar på vestlandet skjer ved HVL. Men at det er viktig å vise korleis tildelingane set oss under press.

NTL viser til at det er positivt å redusere bruken av konsulentbruken som det vert vist til i andre forutsetningar og krav. Det er viktig at HVL har kompetanse og kapasitet til å handtere sakene sjølv.

NTL stiller spørsmål om departementets krav om reduksjon i reisekostnadene, og viser til at dette skaper uro i organisasjonen, spesielt for vitskapleg tilsett som har hatt lite fysisk kontakt til den internasjonale forskingsarenaen men også for administrative tilsett. Ser at som institusjon vil reisekostnadene ved HVL auke som følgje av endringar i koronarestriksjonane. Rektor viser til at regjeringa i «Hurdalsplatforma» var opptekne av fleircampus institusjonar men at dette per no ikkje viser igjen i tildelingsbrevet.

FF er einige med tildelingsbrevet som viser til at bruken av mellombelse stillingar må ned i sektoren. Dei er også positive til auka kontakt med fylkeskommunen.

#### **O-2/22 – Utvikling av studieportefølje – fokus på økonomisk berekraft**

Rektor orienterer kort.

NTL spør om det som vert framlagt for styret kan leggast ut sammen med referatet frå styremøtet.

#### **O-3/22 – Status første- og toppkompetanse**

Rektor orienterer kort.

FF stiller spørsmål om det er realistisk om HVL møter krava for første- og toppkompetanse når HVL skal søkje om universitetsakkreditering og stiller samtidig spørsmål om kva som vil skje med lønnskostnadene.

NTL meiner dette er ein god rapport som bør oppdaterast årleg. NTL også at rapporten burde få fram betre årsakene til oppgang og nedgang, på instituttnivå.

Sjølv om det i tidlegare universitetssøknadar ikkje har vore lagt fram koplinger kytt til utdanningar og praksisfelt, viser rektor til at det er viktig å også synleggjere denne delen av høgskulen. Det er difor viktig å få med erfaringane frå praksis og det nære samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv.

#### **O-4/22 – årsmelding frå Forskingsetisk utval ved HVL for 2021**

Ingen innspel

#### **O-5/22 – Orientering om lokale forhandlingar 2.5.1 i 2021**

Rektor orienterte kort.

FF stiller spørsmål kvifor ikkje protokolltilførslane som kom fram i forhandlingane har komme med i saksframleggget. Organisasjonsdirektøren viser at det ikkje har vore praktisert tidlegare og det er difor dei ikkje er lagt ved no.

#### **O-6/22 – HVL – organisasjonen i tal og einingar**

Rektor orienterer kort.

NTL syner til at det er viktig å få fram utviklinga over tid, ikkje berre eit augneblinksbilete. NTL spør om tala kan leggast fram for organisasjonen etter styremøtet. Organisasjonsdirektøren viser til at det vil bli vist som tidsserie data med kjente data frå DBH og noko uttrekk frå SAP.

Det vert også vist til «stammespråket» ved HVL og vist til at det er viktig å synleggjere kva organisatoriske ressursar ein har.

## **O-7/22 Orienteringar frå rektor.**

Rektor orienterer kort om status

-Slutt på styresaker -----

### **03/22 Revisjon av retningslinjer for velferdsutvalet**

Leiar av velferdsutvalet Bente Karin Eikeland orienterte kort om revisjon av retningslinjer for det velferdsutvala. Det er gjort mindre språklege endringar.

NTL stiller spørsmål om formuleringa om representasjon frå fakulteta og administrasjon i dei lokale velferdsutvala. Det er ønskjeleg at det er snakk om tilsettegrupper, administrativt- og vitskapeleg tilsette i staden det som i dag står, fakultet (vitskapeleg) og administrasjon (arbeidsgjevar). Det vert vist til at det ikkje er krav til at arbeidsgjevar er representert i dei lokale velferdsutvala.

### **04/22 Oversikt over starta og slutta i 2021 (01.08.2021 - 28.01.2022)**

HR rådgjevar orienterte kort. Tillitsvalde på verksemdsnivå vi få dette som fast orienteringssak på IDF møta. Oversikta vil på sikt innehelde betre informasjon som gjev TV betre orientert om situasjonen ved HVL.

### **05/22 Eventuelt**

#### **Innspel FF**

- **Oppfølging av sak knytt til areal:** Organisasjonsdirektør orienterer kort om medverknad og medråderett i saker knytt til areal. Det må arbeidast vidare med dette området, supplere det som ligg i tilpassingsavtalen for å skape ei betre og felles forståing for dette arbeidet.
- **Eksamens og ekstraarbeid:** Organisasjonsdirektøren orienterer kort om problemstillinga som er sendt inn. Det er opplagt at det har vore meirarbeid for nokre tilsette i denne perioden, men det er vanskeleg å sjå på einskilde saker på verksemdsnivå. Det må signaliserast til dei som har personalansvar i fakulteta for å kunne nytte seg av dei moglegheitene og reglane som finnst for meirarbeid.
- **Utstyr på heimekontor:** Organisasjonsdirektøren orienterer kort om problemstillinga. Tilbakemeldinga til leiarar i HVL er å ha tilrettelegging på heimekontoret, der det ikkje har latt seg gjere har det vore opning til å nytte arbeidsplassen på campus under pandemien.
- **Reglement for heimekontor:** Organisasjonsdirektøren viser til at arbeidet vart sett på pause etter drøftingar i desember. Men ser at det no er viktig å få på plass eit reglement der ein ser på dei innspel som kom inn for å ha dette klart til ein igjen kan returnere til kontoret.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.*